

Globale, diakonale og misjonale merkedagar i 2023

Finn inspirasjon og ressursar til gudsteneste, trusopplæring og lokale arrangement på ressursbanken.no/merkedager eller på nettsidene nedanfor.

Bruk gjerne www.baerekraftsboka.no gjennom året.

Ressursane er verktøy som kan realisere visjonen om kyrkja som **tenande, misjonerande, vedkjennande** og **open**. Ta med ressursarket i planlegginga til kyrkjelyden, vel og gjer slik det passar lokalt!

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp, misjon gjennom «Misjonsavtalen til kyrkjelyden» og skaparverkets dag er særleg viktige og utbreidde.

Openberringstida (tida frå nyttår til faste)

Særleg fokus på misjon i forkynning, gudstenester og ulike arrangement. Styrking av kyrkjelydens misjonsengasjement. www.kyrkja.no/smm

Berekraftsmål: 1, 4, 5, 7, 8, 11, 12, 13, 15, 16 og 17.

Økumenisk bønemateriell

Bøner for og frå land og kyrkjer i heile verda, nye kvar veke. Bøneveka for kristen eining blir vanlegvis markert den tredje veka i januar.

www.ressursbanken.no/merkedager

Samefolkets dag

6. februar. Ressursar finn de her: www.kirken.no/samisk

Fastetida

Kirkens Nødhjelp legg til rette for ein faste der diakonien kjem tydeleg til uttrykk i kyrkjelydane. Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp blir primært markert frå søndag til tysdag før palmesøndag: www.fasteaksjonen.no

Berekraftsmål: 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 13, 16, 17.

Skaparverkets dag

Datoen er valfri, men kan knytast til FN's miljødag 5. juni, hausttakkefest eller diakonidagen. www.gronnkirke.no

Berekraftsmål: Særleg mål nr. 13, ein føresetnad for alle mål; også 7, 12, 14, 15, 16, 17, osv.

Saman som kyrkje i heile verda

Frå Kristi Himmelfart til St. Hans kan kyrkjelyden synleggjere og styrkje kyrkjelyden sin misjonsavtale gjennom Saman som kyrkje i heile verda aksjonen.

www.kyrkja.no/sammen

Kyrkjeveka for fred i Israel og Palestina

Vanlegvis frå søndag til søndag i samband med FN's fredsdag 21. september. Global markering på initiativ frå Kyrkjenes verdsråd. www.kirkeukaforfred.no

Berekraftsmål: 16, 17, med verknad for alle andre

TV-aksjonen

Oktober 2022, til i 2023 til inntekt for Redd Barna. Gudstenestemateriell kjem på:

www.ressursbanken.no/merkedager

Berekraftsmål: 1,2, 3 og 4 med fleire.

Søndag for dei forfølgde

Andre søndagen i november (12. nov.) eller når det passar. Kan kombinerast med Global veke. www.stefanus.no

Berekraftsmål: 16 og 8, 10, 17.

Global veke mot moderne slaveri

Vanlegvis den andre veka i november (12.–19. nov.) frå søndag til søndag. Nasjonal tverrkyrjeleg markering på initiativ frå Norges Kristne Råd. www.globaluke.no

Berekraftsmål: 8, 4, 5, 10, 16 og fleire andre.

Rettferdskonferansen

Blir arrangert annakvart år. Neste gang i 2024.

Tverrkyrjeleg konferanse, del av nettverket The Justice Conference. www.rettferdskonferansen.no

Berekraftsmål: Særleg mål 8, 10,13, 16

Adventstid og jul

Her finn de Kirkens Nødhjelps ressursar til kyrkjelydsblad og takkoffer julaftan:

www.kirkensnodhjelp.no/om-oss/for-kirkene/advent-og-jul/